



Ove Eidsvåg frå Valen med fisk som han fekk i fjor

Ved midnatt natt til søndag startar fiskesesongen i Uskedalselva og leiaren i Grunn- og elveeigarlaget slår fast at det skjer med ein langsiktig målsetting, Det betyr at det helst ikkje skal fangast meir enn 500 kilo denne sommaren. Fangsten i fjor var 326,5 kilo - Vi må ikkje fanga så mykje at vi øydelegg for etterkommarane våre, seier Johannes Feet og minnar om at elva ikkje er bærekraftig førebels. Difor bør ein no vera relativt varsam med uttaket, i tråd med anbefaling frå forskarane..

På grunn av situasjonen vil laget køyra med strenge restriksjonar, til dømes fangst av berre ein fisk i døgnet og 5 i sesongen og eit tak på 10 selde fiskekort i døgnet. Ei streng line kan hindra stenging av vassdraget seinare.

Dette krev nitid kontroll og Feet slår fast at den er på plass i form av eit godt oppsyn, Det fungerte svært godt i fjor.

Laget har forlengst gått inn i data-alderen og all rapportering skal skje elektronisk via nettsida som ein også finn til venstre på den sida du les no.

Før ein har registrert seg som fiskar får ein ikkje kjøpt fiskekort, som i likheit med i fjor kostar 200 kroner døgnet. Men hvis ein har praktiske problem med å få tak i kort vil styret hjelpe og nummeret dit er også å finna på nettsida.

Johannes Feet har ei oppmoding til fiskarane samstundes som han ynskjer dei hjarteleg velkomne til ei triveleg elv:

- Ver varsam og ta hensyn til private områder og dyr på beite.

Hugs å stenga grindene og nytte dei godt opparbeida parkeringsplassane.

Det er 3 slike i nedre del av elva og ein ved Vonheim

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen